

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet

Møtenummer: 2/2026
Dato: 04.05.2026
Tid: 09-10.30
Stad: Ombo oppvekstsenter, konferanserom
Referent: Ruben Fjell

Til stades:

Else Christine Rodvelt (1.-4. trinn), Erlend Nes (5.-7.trinn), Magnhild Skartveit Olsen (skule), Tove Bergjord Tysdal (barnehage) og Mary-Janne Rørheim (andre tilsette), elevrådet

På teams: Regine Hidle Ådland (barnehage)

Referat:

Sak 20-25/26: Godkjenning av referat og innkalling

- Referatet blei sendt ut saman med ny innkalling. Dette var litt seint.
- Godkjent uten vidare kommentarar

Sak 21-25/26: Oppfølging av saker frå forrige SU:

- Skulegenser
 - Det er litt kort igjen av skuleåret, så det er ikkje aktuelt før sommaren, men FAU ser på moglegheit til neste skuleår.
- Evaluering av foreldremøte barnehagen
 - Innsamling av spørsmål
 - Christine fortel at det var nokre foreldre som sendte inn spørsmål. Noko gjekk på spesifikke ting som gjaldt barn, så det vart ikkje tatt med.

- Ruben seier at det hadde vore ønskeleg om fleire sendte inn spørsmål, sånn at ein sikrar at møtet er relevant for flest mogleg. SU er usikre på kva ein skulle ha gjort for å fått inn spørsmål frå fleire foreldre.
- Organisering og gjennomføring av møtet
 - Christine syntes det var veldig bra, og at det har vore sakna på foreldremøte tidlegare å ha rom for spørsmål og samtale. Samstundes seier ho at det hadde vore godt med enno meir tid til samtale.
 - Det var ein god måte å gjennomføre foreldremøtet
 - Det opplevdes greit for barnehagen sin del. Me må ha ei tidsramme. Erfaringene fra denne gongen gjør at det kan være greit å sette ei kortare ramme for svar på innsendte spørsmål, og meir tid sett av til samtale og dialog.
 - Det opplevdes greit å sitte rundt eit bord saman.
 - Ønske frå foreldre om å gjere det på liknande måte igjen. Bhg er positiv til dette.
- Status overgang 7.-8. klasse
 - Elevane synes det har vore kjekt. Varierte aktivitetar, turar og omvisning på skulen. Når det er ei veke mellom kvar gong så blir det litt "nytt" kvar veke, og det kan ha skjedd endingar i gjengar frå gong til gong, noko som kan være utfordrande. Men det virker som om lærarane er gode på å variere gruppene dei deler inn, noko som er positivt. Nokre elevar saknar KOM. Kjekt at øyane kan samlast i bassenget, og at dei kjem "saman" til dei andre. Det gir trygghet.

Sak 22-25/26: Sakar frå elevrådet

- Elevrådet hadde med seg fleire saker til SU. Kjekt med aktivt elevråd!
- Elevane ynskjer:
 - Trampoline i skulegården
 - Tema-veke - dette kan elevrådet planlegge og presentere for lærerne
 - Male borgen
 - Idrettsdag (feks Mesternes mester)
 - Annerledesdagar
 - Skuespel på sommeravslutninga
 - Varm-mat i kantina - Ønske om å bestille nudler?
- Idrettsdag og andre annerledesdagar tar Ruben med tilbake til lærarane. Andre ting som tema-veke kan elevrådet sjølv planlegge og ta initiativ til.

Trampoline går ikkje pga kostnad og krav om sikkerhet. Varm-mat vert litt for omfattande å få på plass, men det vart samtalt om at ein kan prøve å få til fleire tema-dagar med bhg og skule, liknande samenes nasjonaldag.

Elevrådet forlot møtet

Sak 23-25/26: Oppdatert informasjon om bemanning, organisering og permisjonar

- Barnehageåret 26/27
 - Tre årsverk pga 18 teljande barn
 - Ingen vikariat blir forlenga sånn som det ser ut no
 - Pga endra behov vil heller ikkje Tone Martha ha sin arbeidsplass på Ombo
- Skuleåret 26/27
 - Nedgang i elevtal: ligg an til 13 elevar
 - Permisjonar:
 - Ruben 50%
 - Ragnhild 100%, hvertfall ut 26, delvis tilbake frå jan 27
 - Magnhild 100% frå okt/nov
 - Bemanning:
 - Asjen kontaktlærer 100%
 - Magnhild 100% faglærer fram til okt/nov
 - Isabell 80% vikariat, assistent i skule/SFO/bhg
 - Utlyst 100% vikariat, kontaktlærer heile skuleåret, er i dialog med aktuell kandidat

Sak 24-25/26: Forskrift om skulerute 27/28

- Sendt ut saman med innkalling
- Dette bør inn til SU tidligare neste år, sånn at man kan ha reell påvirkning.

Sak 25-25/26: Foreldremøte haust

- Kva info som trengs på hausten?
 - Informasjon om ferier i bhg/SFO
 - Ordet "påmelding" oppleves litt som at det er ein ekstra-tilbud.
 - Undersøker mulighet til å ha en slags av-melding.
 - Ruben undersøker kva rammer som gjeld for dette
 - Ved tre veker sommer-stengt så må det være ja/nei, bindande, men dei andre feriane kan ein kommunisere litt meir romsleg
 - Byttekler / rutiner osb.
 - Leksehjelp - påmelding

- Informer om foreldremøte vår med spørsmål og dialog

Sak 26-25/26: Ymse

- SFO: foreldre ynskjer 60% plass skal være man-ons.
 - Ruben sender ut informasjon med spørsmål om dette til SFO-foreldre

Med venleg helsing

Ruben Fjell

Avdelingsleiar barnehage, skule og SFO
Ombo oppvekstsenter